

Ordføraren sitt hjørna – februar 2019



Det å laga planer for utviklinga framover er spennande. Vil veksten halde fram, og kor stor blir den? Korleis vil dei økonomiske vilkåra utvikle seg? Korleis er trendane i næringslivet? Dette er nokre av dei mange spørsmåla me skal prøve å svara på og planlegge ut i frå. Situasjonar kan også endre seg fortare enn me greier å sjå tidsnok. Hemsedal kommune og Hemsedalssamfunnet har greidd å følgje med på ei sterk utvikling dei siste åra på ein god måte. Infrastruktur, bustadfelt, barnehagar og reguleringsplaner for næringsutvikling har me stort sett ligge i forkant med. Dette ynskjer me også for framtida.

Folketalsveksten dei siste 2-3 åra har vore svakare enn dei 10 åra før det. Det er mykje som tyder på at folketalet i Norge vil vekse mindre i åra som kjem. Det skuldast ei lågare innvandring. Det same vil sjølvsagt også gjelde for Hemsedal, men mykje vil vera avhengig av nye arbeidsplassar i bygda og då særleg heilårsarbeidsplassar. Det er store utbyggingar på gang, og det er utvikling med nye tiltak for sommaraktivitetar. Kommunen må derfor fange opp den nasjonale utviklinga, og legge stor vekt på det som skjer her i bygda.

Kommunen er no i gang med ei revidering av « Kommuneplan – Samfunnsdelen ». I arbeidet med Samfunnsdelen skal me prøve å sjå inn i glaskula for all utvikling i bygda, og dermed planlegge kva tiltak kommunen må vera obs på og gjera dei komande 12 åra. I dette ligg kommunen si verksemd som skule, barnehage, helsestell, omsorg og pleie, kultur og tenester elles. Så må det og fangas opp utvikling i næringslivet og korleis me ynskjer det, og legge til rette for infrastruktur og bustadfelt mm. Dette er eit spennande arbeid som skal munne ut i gode styringsdokument. Kommunestyret har starta opp med arbeidet. Me ynskjer å få best mogleg engasjement frå alle i bygda. Det er lagt opp til temamøter med diverse grupper og folkemøter. Dette er planen, men førebels må eg nok innrømme at me famlar litt. Gode folkemøter med brei deltaking får ein neppe til ved å stille generelle spørsmål. Me må derfor ha nokre konkrete spørsmål me ynskjer debatt og tilbakemeldingar på. Det er lagt opp til folkemøter i mars og april, og i høyringsperioden fram mot september. Kva vil me med Hemsedal, er eit spørsmål som vedkjem oss alle. Eg håpar på stor deltaking i dette arbeidet.

Budsjettet for 2019 vart vedteke i kommunestyret før jul. Det er lagt opp til store investeringar i åra framover. Det skal byggjast ny sentralskule, det må byggjast sjukeheimplassar/omsorgsbustader, helsestasjonen må utvidast og kommunen må bygge mykje infrastruktur innafor VA og bustadtomter, for å nemne det viktigaste. Dette vil føre til ei auka lånegjeld, og me må bruke større del av driftsbudsjettet til kapitalkostnader. Skal me greie det utan å redusere tenestenivået må inntektene aukast. Det er derfor gjort vedtak om å innføre eigedomsskatt på alle hus og hytter frå neste år. Arbeidet med taksering og takseringsprinsipp pågår no, og skatten for 2020 blir 1 promille av takst. Den andre føresetnaden for auke i inntekter er auka folketal. Det vil gje oss meir skatteinntekter og rammeoverføring frå staten. Prognosane er gode for folketalsvekst framover.

Ha ein fin vinter framover!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører